



Innkalling

Utval: FORMANNSKAP
Møtestad: Møterommet
Dato: 06.09.2018
Tid: Kl. 09:00

Solund formannskap vert med dette kalla inn til møte.

Representantar med lovleg forfall eller som er ugilde i nokon av sakene, må snarast råd melde frå til Solund Servicekontor, telefon 57 78 62 00 eller e-post post@solund.kommune.no slik at vararepresentantar kan kallast inn.

Vararepresentantar til formannskapet møter etter nærare innkalling.

Saksdokumenta ligg til ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
040/18	Skriv og melding	
041/18	Eigarskapsmelding Solund kommune 2018	
042/18	Kommunal medverknad energiløysing Utvær	
043/18	Finansiering veg Eide - Kråkenes	
044/18	Val av kommunekomité TV aksjonen 2018 NRK Kirkens Bymisjon	

Solund kommune
31.08.2018

Gunn Åmdal Mongstad
-ordførar-

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
040/18	Skriv og melding	
041/18	Eigarskapsmelding Solund kommune 2018	
042/18	Kommunal medverknad energiløysing Utvær	
043/18	Finansiering veg Eide - Kråkenes	
044/18	Val av kommunekomité TV aksjonen 2018 NRK Kirkens Bymisjon	



Arkiv: K1 - 033
ArkivsakID: 18/530
JournalpostID: 18/2670
Sakshandsamar: Sollaug
Steinsund
Osland
Dato: 31.08.2018

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
040/18	FORMANNSKAP	06.09.2018

Skriv og melding

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Underliggende sak:

Saksnummer	Tittel
1	Fleksibel skuleskyss
2	Samhandlingsnytt august 2018

Kommunane i Sogn og Fjordane

Fleksibel skuleskyss

Fylkestinget har vedteke at elevar i grunnskulen med skyssrett skal få fleksibel skuleskyss.

Ordninga er tenkt innretta slik at elevar med skuleskysskort skal få høve til å nytte alternative ruter heim frå skulen dersom det er ledig kapasitet på bussen, til dømes i samband med trening.

Det er ikkje sett av ekstra midlar til ordninga. Dette betyr at det ikkje vil verte sett opp ekstra ruter eller auka vognkapasitet. Ordninga tek sikte på å utnytte eksisterande rutetilbod.

Korleis kan kommunen få etablert fleksibel skuleskyss

Kommunar som ynskjer å nytte seg av ordninga må gå i dialog med samferdsleavdelinga. I samarbeid vil vi plukke ut aktuelle ruter med ledig kapasitet som elevar med skuleskysskort på aktuell strekke kan nytte seg av.

Ordinære bussruter har ikkje same spreienettet som skulerutene. Dette betyr at nokre elevar kan få ein lenger og annan veg å gå mellom busshaldeplass og heim når dei nyttar seg av ordinære bussruter. Kommunane må ta denne dimensjonen med seg når de planlegg bruken av denne ordninga.

Skulefritidsordning, SFO

Ordninga vil gjelde for dei elevane som kommunen har kjøpt reiser for til og frå skulen. Det vil vere opp til den enkelte kommune om de vil betale for skyss til elevar som har heil eller delvis plass på SFO. Dersom kommunen ikkje vil betale for elevar som har plass på SFO, har heller ikkje eleven rett til fleksibel skuleskyss, til dømes heim frå skulen.

Kommunen må informere elevane om kva avgangar det er inngått avtale på, vi kallar dette for «grøne avgangar». Det er viktig at ordninga ikkje vert nytta til arrangement eller tilstellingar på ein slik måte at kapasiteten vert sprengt. Dersom det kjem fleire med enn vi har kapasitet til, skapar det problem både for reisande og for operatør av ruta. Dersom vi får problem med kapasiteten på ein avgang vil statusen som «grøn avgang» verte trekt tilbake.

Kva må eleven gjere

Elevar med skuleskysskort må orientere seg om kor vidt det er aktuelle «grøne avgangar» som kan nyttast. Ordninga kan nyttast av eleven når det er ynskjeleg, men det er nokre avgrensingar:

- Eleven må vere merksam på at ordinære rutebussar ikkje alltid går etter same trasé som skuleruta. Det kan soleis verte lenger veg/ein annan veg å gå mellom busshaldeplass og heim.
- Det vil ikkje vere høve til å nytte skuleskysskortet på andre ruter enn skuleruta og «grøne avgangar». Elevar er velkomne også på andre ruter, men må då betale vanleg billett.
- Elevane sine skuleskysskort gjeld berre mellom heim og skule. Tal turar er knytt til tal skuledagar. Ordninga gjev høve for elev å nytte seg av alternative «grøne» avgangar. Tal turar og reisestrekke endrar seg ikkje.
- Ordninga er ikkje meint for arrangement. Det kan verte plassmangel på nokre bussar dersom mange reiser i lag. Manglande kapasitet på bussen kan gjere at fylkeskommunen må trekke tilbake ordninga.

Med helsing

Dina Lefdal
fylkesdirektør

Eva Solhaug Fosshagen
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar) Kommunane i Sogn og Fjordane

Kommunar utgreiar felles bu- og omsorgssenter for psykisk sjuke

Store pasientgrupper er avhengige av at kommune- og spesialisthelsetenesta fungerer som ein sammenhangande behandlingsskjede. I Stortingsmelding 26, [«Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet»](#), blir kommunane oppfordra til å vurdere samlokalisering av helse- og omsorgstenester for å kunne bygge opp eit godt og robust tenestetilbod til «sårbare grupper».



I Indre Sogn har ein over lengre tid erfart at det kan vere utfordrande å kunne tilby gode kvalitative tenester til menneske med samansette sjukdomsbilete knytt til rus- og psykiske lidingar. Alle dei 8 kommunane i Indre Sogn, og Hemsedal kommune (i Buskerud fylke) har deltatt i ein førstudie for å kartlegge korleis tenestene er organisert i dag, og kva utfordringar ein opplever i den einskilde kommune. Kartlegginga synte mellom anna at:

- *det blir opplevd som krevande å gi eit tilfredstillande fagleg forsvarleg tilbod*
- *tilboda er kostnadskrevande for den einskilde kommune*
- *6 av dei 9 kommunane kjøper private tenester til desse brukergruppene i dag*
- *det ser ut til å kunne vere om lag 130 brukarar i dei aktuelle kommunane med eit potensielt behov for eit omfattande kommunalt tenestetilbod på dei aktuelle områda*

Gjennom interkommunalt samarbeid ser kommunane føre seg å kunne legge til rette for meir stabile, føreseielege og kvalitativt gode tilbod. Bidrag frå fleire og ulike samarbeidspartar gir potensiale for å kunne skape nye innovative løysingar til beste for dei psykisk sjuke, og deira nærpersonar. Samstundes ser ein føre seg å kunne generere både faglege og økonomiske gevinstar. Døme kan vere at ein stimulerer kompetanseheving i alle dei samarbeidande kommunane, sikrar berekraftige fagnettverk, og freister å bygge attraktive tverrprofesjonelle fagmiljø. Ved at fleire går saman, vil ein kunne få stordriftsfordelar som vil kunne gi reduserte driftskostnader.

Neste steg i førprosjektet er å utarbeide ein sluttrapport som skal freiste å gi dei involverte kommunane eit vurderingsgrunnlag i høve til om dei vil forplikte seg til å etablere eit felles interkommunalt bu- og omsorgstilbod til psykisk sjuke med behov for langvarige kommunale tenester. Les gjerne meir om bakgrunnen, og følg gjerne den vidare framdrifta i prosjektet på ein [eigen nettstad](#) hos Lærdal kommune.

Nettverksamling for oksygen-/lungekontaktar 26. og 27. september

Lærings- og meistringssenteret i Helse Førde HF inviterer oksygenkontaktane i kommunehelsetenesta og ved sjukehusa i Sogn og Fjordane til [Nettverksamling 26 og 27 september](#). Samlinga blir på Thon Hotel Jølster.

Interesserte er velkomne til å melde seg på innan tirsdag 28. august til: Nina Midtbø:
tlf. nr. 57 75 10 00/ 41 53 05 49 eller e – post:
nina.merete.johnsen.midtbo@helse-forde.no



Illustrasjonsfoto Colourbox

«Sjå, barnet snakkar til deg»



Heile 19 deltakarar, 14 frå kommunehelsetenesta og 5 frå spesialisthelsetenesta, har gjennom fire samlingar gjennomført eit opplæringsprogram knytt til samspelsrettleiinga Newborn Behavioral Observation (NBO). Metoden har ei ressursorientert tilnærming, og har som mål å samtale med og rettleie «nybakte foreldre» til born i alderen 0 til 3 månadar. I tett samarbeid med foreldra blir spedbarnet sitt unike responsmønster og sosiale natur løfta fram. Målet er å auke foreldra sin

sensitivitet overfor spedbarnet sine mange signal og reformulere desse til eit kommunikasjonspråk; «Sjå, barnet snakkar til deg».

«Vi ønsker å gi foreldra auka meistringsfølelse og ei oppleving av tryggleik på at dei kan lese og tolke sitt spedbarn sine signal, og at dei kjenner tryggleik i foreldrerolla. Dei fleste som arbeider med spedbarn og familiar vil kjenne att mykje av innhaldet i observasjonsmetoden frå sitt daglege arbeid», seier prosjektleiar Berit Tefre. Tefre er høgskulelektor og studiumansvarleg for psykososialt arbeid med barn 0 - 4 ved Institutt for helse- og omsorgsvitskap ved Høgskulen på Vestlandet. Ho har og stilling hos Psykisk helsevern for barn og unge (PBU) i Helse Førde HF.

NBO gir hjelp til å strukturere og systematisere observasjonane, og legg stor vekt på tilrettelegging, slik at relasjonen mellom foreldre og born blir styrka. Gjennom den ressursorienterte og relasjonsbaserte tilnærminga freister ein å bygge ein positiv allianse med foreldra. Dette er særleg viktig i tilfelle der familien treng oppfølging og hjelp over tid. Sentrale aspekt ved metoden kan forståast som å:

- *sjå kva barnet fortel med kropp og uttrykk*
- *styrke foreldre-barn - relasjonen*
- *bygge alliansar mellom familie og hjelpar*

Opplæringsprogrammet har vore organisert som eit samhandlingsprosjekt mellom første- og andrelinjetenesta i Sogn og Fjordane. Det starta med eit dagars innføringskurs. Deretter hadde deltakarane eigenpraktisering supplert med dagsamlingar med felles refleksjon, og rettleiing i grupper. På samlingane presenterte deltakarane filmopptak av eigne observasjonar. Etter 10 - 12 loggføringar med individuell rettleiing og godkjenning, var deltakarane klare til å gå i gang med sertifiseringa. I juni var det tid for avslutning med høgtideleg markering, og utdeling av vitnemål til dei 19 kunnskapsrike og stolte kursdeltakarane !

Erfaringskonferansen, torsdag 7. & fredag 8. februar 2019



Erfaringskonferansen vert arrangert anna kvart år i samarbeid mellom KS og Helse Førde HF. Her er det mogleg å drøfte tilgjengeleg styringsinformasjon, erfaringar og forbetningspunkt i samhandlinga mellom spesialist- og kommunehelsetenesta.

Innhaldet på konferansen vil vere tett knytt til praksis, og vere relatert til vekslinga mellom spesialist- og kommunehelsetenesta. Ein vil freiste å sjå nærare på korleis gjeldande samarbeidsavtalar og rutinar fungerer i den praktiske kvardagen.

Målgruppa er leiarar og tilsette både i første- og andrelinjetenesta som har sitt daglege virke i dette «samhandlingsrommet». Konferansen blir lokalisert til Thon Hotel Jølster på Skei.



Helse Førde HF
Administrasjon
Fag og utviklingsavdeling

Besøksadresse:
Svanehaugvegen 2
6807 FØRDE

Postadresse:
Postboks 1000
6807 Førde

Telefon: 57 83 90 00
post@helse-forde.no

www.helse-forde.no

Org.nr: 983 974 732

Kommunane i Sogn og Fjordane

Vår ref: (oppgjør ved kontakt)
2014/869 - 26100/2018

Dykkar ref.:

Saksbeh.: Stig Igland,
tlf: +4790632871

FØRDE,
20.08.2018


Samhandlingsnytt august 2018

Vedlagt ligg Samhandlingsnytt august 2018

Ber om at de distribuera nyhendebrevet til alle leiarar knytt til sosial, helse og folkehelseområdet, Koordinerende eining og Råd for eldre og funksjonshemma.

Les tidlegare utgåver av Samhandlingsnytt [her](#).

Få tilsendt nyhendebrev frå Samhandling Sogn og Fjordane:



Legg inn e – postadresse og navn slik at du blir varsla kvar gong det blir lagt ut ei nyhendesak:
<http://samhandling-sfj.no/>

Beste helsing

Stig Igland
Samhandlingssjef/avdelingssjef Samhandling og tverrprofesjonelle tenester
+4790632871
Helse Førde HF
www.helse-forde.no




Fra: Postboks, HFD, Postmottak Helse Førde <post@helse-forde.no>
Sendt: 20. august 2018 14:15
Til: Askvoll postmottak; Aurland Kommune ; Balestrand kommune; Bremanger Kommune; Eid Kommune; Fjaler Postmottak; Flora Kommune ; Førde Postmottak; Gaular Postmottak; Gloppen kommune ; Gulen Postmottak; Hornindal kommune ; Hyllestad Postmottak; Høyanger Postmottak; Jølster Postmottak; Leikanger kommune ; Luster kommune ; Lærdal kommune ; Naustdal Postmottak; Selje kommune ; Sogndal kommune ; Solund Postmottak; Stryn kommune; Vik kommune ; Vågsøy kommune ; Årdal kommune
Kopi: Igland, Stig
Emne: Samhandlingsnytt august 2018
Vedlegg: Samhandlingsnytt august 2018.DOCX; Samhandlingsnytt august 2018.PDF

Vedlagt ligg Samhandlingsnytt for august 2018

Ber om at de distribuera nyhendebrevet til alle leiarar knytt til sosial, helse og folkehelseområdet, Koordinerende eining og Råd for eldre og funksjonshemma.

Les tidlegare utgåver av Samhandlingsnytt [her](http://samhandling-sfj.no/samhandlingstiltak/samhandlingsnytt/)
<<http://samhandling-sfj.no/samhandlingstiltak/samhandlingsnytt/>>.

Få tilsendt nyhendebrev frå Samhandling Sogn og Fjordane:



Legg inn e - postadresse og navn slik at du blir varsla kvar gong det blir lagt ut ei nyhendesak:
<<http://samhandling-sfj.no/>>

Vennleg helsing

Therese Monsen

Postmottak Helse Førde

Sakarkiv/ePhorte

578 31301

Føretakssekretariat



HUGS: Ikkje send sensitive opplysningar per e-post



Arkiv: K1 - 037, K3 -
&30
ArkivsakID: 16/726
JournalpostID: 18/2618
Sakshandsamar: Tor Arne Hauge
Dato: 28.08.2018

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
041/18	FORMANNSKAP	06.09.2018
	KOMMUNESTYRE	

Eigarskapsmelding Solund kommune 2018

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre gjer følgjande vedtak:

1. Eigarskapsmelding for Solund kommune 2018 vert vedteken som den ligg føre.
2. Vurderingane av fortsatt eigarskap i selskap som kommunen er medeigar i vert vedteke.

Vedlegg i saka:

28.08.2018 Eigarskapsmelding Solund kommune 2018 - framlegg

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:

Saksutgreiing:

Dette er den sjette eigarskapsmeldinga som vert lagt fram for kommunestyret. Meldinga er utarbeidd med utgangspunkt i KS «anbefaling om eigarskap. Selskapsleiing og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak, revisjon – jan 2009».

Del I av eigarskapsmeldinga omhandlar i det vesentlege eigarpolitikk der det er gjort greie for motiv og mål for offentlig eigarskap, krav retta mot eigar, kva krav ein stiller til selskapet og kva arbeidsform som blir lagt til grunn for administrativ og politisk utøving av eigarrolla.

Del II av eigarskapsmeldinga har omtale av kvart av selskapa som kommune har eigarskap i og ei vurdering av å halde fram med eigarskapen. I all hovudsak er årsmeldingar og rapportar brukt til å samanfatta faktaopplysningar om kvart selskap, jf pkt 2.2 i del 1.

Eigarpolitikk og vurderingar av selskap er i denne omgang gjort for Solund, men det

vil vere naturleg for framtida å samarbeide med nabokommunane både med omsyn til eigarskapspolitikk og vurdering av selskap som ein eig i fellesskap. På den måten vil ein i større grad kunne optimalisere arbeidet (fordele selskapa) og følgje det enkelte selskapet sin aktivitet gjennom året, og ta initiativ til felles drøfting av sakene før eigarmøta. I den samanheng er det viktig at dette blir ein del av folkevaldopplæringa i løpet av første året i den nye valperioden.


I og med at selskapa sine føremål, storleik og status er ulike er det ikkje gjort noko samla vurdering. Det som uansett kan vere ei rettesnor er at innan dei største aksjeselskapa er det viktig å fokusere på selskapa si evne til å jobbe strategisk og ha fokus på avkastning. I kommunale samarbeid og selskap er det viktig å fokusere på kvalitet og effektivitet.

Generelt er det viktig at alle er merksam på reglane for kjønnsrepresentasjon og habilitet. Nokre av selskapa må endre styresamansetjinga som følgje av krav til kjønnsfordeling.

Vurdering:

Administrasjonen meiner at eigarskapsmelding for Solund kommune 2018 kan vedtakast som den ligg føre.

Etter endeleg vedtak utskrift til:



EIGARMELDING FOR SOLUND KOMMUNE 2018

Til handsaming i Solund kommunestyre xx.10.2018 i sak xx/18

SOLUND KOMMUNE

EIGARPOLITIKK SOM EIGAR I SELSKAP

	DEL 1	
1	BAKGRUNNEN FOR EIGARMELDINGA	
1.1	Motiv og mål for offentlig eigarskap	
2	GRUNNLAG FOR GODT OFFENTLEG EIGARSKAP	
2.1	Obligatorisk opplæring og informasjon til folkevalde.	
2.2	Utarbeiding av eigarskapsmeldingar	
2.3	Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtaler/vedtekter	
2.4	Vurderingar og val av selskapsform	
2.5	Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd	
3	ARBEIDSFORMA FOR POLITISK OG ADMINISTRATIV UTØVING AV EIGARROLLA	
3.1	Rolla til dei valde representantane	
3.2	Politiske avklaringar i forkant av møte i selskapet	
3.3	Rapportering om utviklinga av eigarstrategien for Solund kommune	
4	OMFANGET AV DET KOMMUNALE EIGARSKAPET	
4.1	Selskapet	
4.2	Avgrensingar i eigarskapen	
	DEL II	
	Omtale av kvart av selskapa som kommune har eigarskap i og ei vurdering av framleis eigarskap.	

DEL 1 EIGARPOLITIKK

1. BAKGRUNNEN FOR EIGARMELDINGA

Kommunestyret vel representantar til styre og representantskap i selskap kor ein har eigarinteresser.

Det kan vere ulike grunnar til at ein kommune heilt eller som part etablerer eit selskap, men slik som utviklinga er på dei fleste område blir det stilt store krav til profesjonalitet i utøving av eigarskap.

Eit aktivt eigarskap er grunnleggande for ein best mogleg lokalpolitisk forvaltning av dei samla verdiar og har direkte konsekvens for verksemdene, deira disponeringar og marknadsposisjon.

Det er viktig at kommunen for å kunne utøve eit profesjonelt eigarskap, har eit medvete tilhøve til føremål, generelt om verksemda til selskapet, økonomisk utvikling, framtidig utvikling og målet med kommunen sin eigarskap.

Det er og viktig at den einskilde representant som blir valt til å representere kommunen er sitt ansvar medvete i mellom anna føremål med kommunalt eigarskap.

Ein eigarskapsmelding vil sikre naudsynte styringssignal til selskapa, tydeleggjere lokalpolitikarane sitt ansvar og som resultat av dette styrke kommunen sitt omdømme.

1.1 Motiv og mål for offentleg eigarskap

Ein eller fleire av desse fem kategoriane nedanfor skal leggjast til grunn for utforming av mål og motiv for selskapa som kommunen eig eller er medeigar i:

- Finansielt motivert
- Politisk motivert
- Effektivisering av tenesteproduksjon
- Samfunnsøkonomisk motivert
- Regionalpolitisk posisjonering

2. GRUNNLAG FOR GODT OFFENTLEG EIGARSKAP

Følgjande prinsipp skal leggjast til grunn for Solund kommune si eigarskapspolitiske plattform, her under eigarstyring, leiing av verksemd og kontroll

2.1 Obligatorisk opplæring og informasjon til folkevalde

Kommunen skal som ein del av folkevaldopplæring gjennomføre obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar for alle folkevalde i dei ulike aspekta i samband med eigarstyring i løpet av det fyrste året av valperioden.

2.2 Utarbeiding av eigarskapsmeldingar

Eigarskapsmeldinga er eit overordna politisk styringsinstrument for verksemdar som er lagt til eit anna rettssubjekt eller eit anna interkommunalt organ.

Kvart år skal det etter sommaren leggjast fram ei sak på eit kommunestyremøte med rapportar frå alle selskapa som Solund har eigarinteresse i:

2.2.1 Kommunen sin samla eigarstrategi vert utforma og følgt opp av kommunestyret

2.2.2 Årsmelding og årsrekneskap frå selskapa vert lagd fram for kommunestyret

2.2.3 Viktige spørsmål å drøfte i forhold til selskapa er:

- a) Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra
- b) Økonomisk utvikling og viktige hendingar (jfr. årsmelding)
- b) Mål og prinsipp for kommunen sitt eigarskap i selskapet
- c) Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg

2.2.4 Anna viktig informasjon for å ivareta openheit og offentlegheit:

- a) Kven som er styremedlem samt registrering i www.styrevervregisteret.no
- b) Styrehonorar – som reflektere ansvaret, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet.
- c) Kven som er revisor
- d) Eigarandel

2.3 Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtaler/vedtekter

Selskapa si verksemd/virke skal komme klart fram av vedtektene/selskapsavtalen. Innan for rammene av vedtektene/selskapsavtalen skal selskapet ha definert klare mål og strategiar.

2.3.1 Selskapet skal vere bevisst samfunnsansvaret sitt

- a) Det bør utarbeidast og jamleg reviderast etiske retningslinjer.
- b) Sjølvstendige verksemdar bør søke medlemskap i ein arbeidsgjevarorganisasjon.
- c) Meiroffentlegheit bør vere eit prinsipp

2.3.2 Eigarane skal handsamast likt

- a) Selskapet skal gi dekkjande informasjon i god tid om saker som er til handsaming. Saksdokumenta bør vere utførlege nok til at eigarane kan ta stilling til alle saker som skal handsamast.
- b) I aksjeselskap bør innkalling og saksdokument til generalforsamling sendast ut minst fire veker før generalforsamlinga.
- c) For interkommunale selskap skal innkalling og saksdokument til representant-skapsmøtet sendast minst fire veker før møtet.

2.3.3 Opningsbalansen skal vere tilpassa formålet med eigarskapet og selskapet sin situasjon.

- a) Finansieringa av selskapet må tilpassast type verksemd.
- b) Selskapet bør ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil.
- c) Selskapet bør ha ein strategi på kapitalbinding – stor kapital er vanlegvis ikkje ynskjeleg for kommunen.
- d) Løns- og insentivordningar bør utformast slik at dei fremjar verdiskapinga, og skal vere rimelege. Hovudprinsippet bør vere at selskap med kommunar som eigar, følgjer kommunale lønsvilkår.
- e) Vedtekter eller selskapsavtale bør tydeleg vise om selskapet skal utføre oppgåvene sjølv eller om dei skal eksponerast for konkurranse.
- f) Ved leveranse av tenestar frå selskapet til eigarkommunane bør det stillast krav om tenesteavtalar.
- g) Det er naturleg at eigar måler resultat ved avkastning på den kapitalen som selskapet forvaltar, kor tilfredse kundane er og HMS tilhøve, samt krav til likestilling i høve til styrande organ.
- h) Det bør utgreiast ein klar utbyttepolitikk. I selskap med næringsdrift, bør ein offentleg eigar stille dei same krava til avkastning på investert kapital som det ein privat eigar vil gjere.

2.3.4 Styret skal ha nødvendig kompetanse, kapasitet og mangfald.

- a) Samansetjing av styret må ein sjå i høve til føremål.
- b) Det er viktig at styret vert vald ut frå selskapet sitt behov, vedkommande sin kompetanse og styret si totale samansetjing.
- c) I selskap med betydelege sektorpolitiske mål bør det vurderast konkret om medlemmar i styret bør vere nært knytte til kommunen si politiske og administrative leiing.
- d) Same person skal ikkje sitje i både generalforsamling og styre i eit selskap.
- e) For å sikre utvikling av nødvendig kompetanse i styret skal det etablerast rutinar som ein del av styrets rammer:
 - i - Avklaring av roller ansvar og oppgåver
 - ii - Krav til kompetanse
 - iii - Styreevaluering og årsplanlegging med fokus på mål, strategi og gjennomføring
 - iv - Rapportering til eigar – årsrapportering.
- f) Oppnemning av vararepresentantar bør vere numerisk og ikkje personleg vara gitt utifrå behovet for å kontinuitet og kompetanse.
- g) Habilitet. Ein bør unngå situasjonar der styrets medlem blir vurdert i forhold til forvaltningslova sine reglar om habilitet.
 - i - Etter kommunelova § 65.1 kan ikkje administrasjonssjef og ordførar sitte i føretaksstyra (frå 01.01.10)
 - ii - Etter forvaltningslova §6 kan ingen kommunalt tilsette eller folkevalte handtere saker i kommunen som gjelder eit selskap der dei sjølv er styremedlemmar, også der selskapa er fullt ut offentleg eigde.(Gjeldande frå 01.11.11)
- h) Kommunelova § 80a. Stiller krav om kjønnsrepresentasjon i styra i samsvar med Aksjelova §20-6

2.3.5 Valnemnd i aksjeselskap og interkommunale selskap

- a) For aksjeselskap og interkommunale selskap bør det vedtektsfestast bruk av valnemnd for å sikre samansetjing av styre med kompetanse i tråd med eigars formål med verksemda.
- b) Valnemnda bør gjenspegle eigarsitsen og fleirtalet av nemnda bør vere uavhengig av styret og tilsette.
- c) Valnemnda si innstilling skal grunngjevast.

2.3.6 Styret skal uavhengig av grunnlag ha ei aktiv rolle overfor dagleg leiar når det gjeld service, kontroll, strategi og ressursituasjon. Styret bør:

- a) Leggje til rette for god dialog på generalforsamling/representantskapet mellom eigarar, styret og leiinga.
- b) Fastsetje ein årleg plan for arbeidet sitt med særleg vekt på mål, strategi og gjennomføring.
- c) Utarbeide plan for eige arbeid og eigen kompetanseutvikling samt evaluere verksemda si.
- d) Nye styremedlemer må lærast opp til kva ansvar og rolle dei har.

I tillegg til prinsippa ovanfor om godt eigarskap, gjeld dette:

Politisk vedtatt eigarstrategi bind deltakarane i generalforsamling og representantskap. I alle selskap vert det stilt krav om at sakliste og saksdokument til representantskapet, generalforsamling eller andre eigarorgan i selskapet skal sendast ut minimum 30 dagar før møtet. Dokumenta skal sendast til ordførar, valde representantar og rådmann.

Når fleire kommunar i fellesskap eig eit selskap, bør eit særskilt ansvar for oppfølging av selskapet fordelast mellom rådmennene. Den som har koordineringsansvaret for eit selskap, har som oppgåve å følgje med i selskapet sin aktivitet gjennom året og ta initiativ til felles drøfting av sakene før eigarmøta. Føremålet med ei slik arbeidsdeling er også at rådmennene i større grad skal kunne hjelpe ordførar og valde representantar i forkant av eigarmøta.

2.4 Vurderingar og val av selskapsform

Det er eigaren sitt ansvar å sikre ein selskapsform som er tilpassa verksemda sitt formål, eigarstyringsbehov, marknadstilhøve og konkurranseregelverket. Før eit selskap vert danna, bør det analyserast kva eigar ynskjer å oppnå ved å opprette eit selskap framfor ei meir tradisjonell etatsorientering. Tilsvarande analyse bør gjerast når eigarstrategien skal utarbeidast.

Kommunane har følgjande muligheiter:

- a) Aksjeselskap, etter aksjeloven. Generalforsamlinga er øvste organ.
- b) Interkommunalt selskap (IKS), etter lov om interkommunale selskap. Representantskapet er øvste organ.

For begge desse selskapsformene blir det stilt krav til styring gjennom etablering av formelle styringsorgan som sikrar selskapa nødvendig autonomi for å fungere som sjølvstendige rettssubjekt. Kommunestyret overfører mynde til å utøve styringa til eigarorganet.

- c) Kommunalt foretak etter kommunelova kap 11.

Der kommunen ynskjer å gi verksemda ein noko meir sjølvstendig stilling enn det som gjelder i den tradisjonelle etatsmodellen kan den etablere eit styre etter kommunelovas kap. 11. Kommunestyret er øvste organ.

- d) Interkommunale samarbeid/styre etter kommunelova §27

Kommunane står fritt til å samarbeide på ulike områder utan at det er overdratt avgjerdsmynde eller representasjonskompetanse ved bruk av lova §27. Avhengig av kor mykje mynde som blir overført til styret, er enkelte av verksemdene å rekne som sjølvstendige rettssubjekt.

- e) Stiftingar etter Stiftelseslova av 2001

Stiftarane står fritt til å fastsette formålet, og stiftelsen er eit sjølvstendig rettssubjekt. Stiftelsar har til forskjell frå dei øvrige ingen eigarar. Verken stiftarane eller andre kan med grunnlag i eigedomsretten gjere krav på del i stiftinga sitt overskot. Er ikkje anbefalt for verksemdar som krev eigarstyring.

2.5 Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd

Sjølv om konkurranselova ikkje har lovfesta at man skal dele frå verksemdar som driv i konkurranse med det private frå monopolverksemd, blir det anbefalt at dette blir gjort der det er mogleg for å unngå rolleblanding. Unntak bør berre gjerast der det kan synleggjerast samdriftsfordelar som tilseie at man har felles organisering.

3. ARBEIDSFORMA FOR POLITISK OG ADMINISTRATIV UTØVING AV EIGARROLLA

Følgjande reglar og arbeidsformer skal brukast i eigarstyringa.

3.1 Rolla til dei valde representantane

- a) Dei valde representantane skal ivareta kommunen sine interesser gjennom å delta aktivt i selskapet sine organ.
- b) Oppgåver i styret vert løyste til beste for selskapet si utvikling og i samsvar med styreinstruks og eigarkrav.
- c) I enkeltsaker av prinsipiell og stor betydning kan formannskapet instruere representantane.

3.2 Politiske avklaringar i forkant av møte i selskapet

Før møte i eit selskap skal dei valde representantane i Solund kunne få politiske avklaringar. Dette gjeld generelt og i saker av uvanleg art eller stor betydning spesielt. Dette skjer på følgjande måte:

Dersom ein representant melder inn ei sak eller emne før møte i Formannskapet, vurderer ordføraren dette og hentar eventuelt inn råd frå gruppeleiarane og/eller rådmann. Det blir tatt opp sak i Formannskapet enten i opent eller lukka møte, og representantskapet får svar om kommunen sitt råd/syn. Ei slik sak bør meldast til ordførar minst ei veke før møte i Formannskapet.

Dersom ein representant melder inn spørsmål til oppklaring, er det tilstrekkeleg at rådmannen vurderer dette og gir svar til representanten om kommunen sitt råd/syn.

3.3 Rapportering om utviklinga av eigarstrategien for Solund kommune

Kvart år bør det leggjast fram ei sak på eit kommunestyremøte etter sommaren med rapportar frå alle selskapa som Solund kommune har eigarinteresse i.

- 3.3.1 Kommunen sin samla eigarstrategi vert utforma og følgt opp av kommunestyret
- 3.3.2 Årsrapport og årsrekneskap frå selskapa vert lagde fram for kommunestyret
- 3.3.3 Viktige spørsmål å drøfte i forhold til selskapa er:
 - a. Har kommunen ein tydeleg eigarstrategi?
 - b. Stemmer eigarstrategien med dagens føremål?
 - c. Er kommune sitt engasjement framleis gyldig?
 - d. Er drifta i selskapet i samsvar med selskapet sitt føremål?
 - e. Korleis er selskapet si økonomiske stilling m.m.?

4. OMFANGET AV DET KOMMUNALE EIGARSKAPET

4.1 Selskapa

Solund kommune har pr. 31.12.2017 eigarskap i 8 aksjeselskap. Dei er eigd anten i lag med kommunar eller private, eller i ein kombinasjon av dette og eigarprosenten varierer frå 3,6% til 58%. Aksjeselskap der Solund kommune har mindre aksjepostar vert ikkje omtala nærare. Rekneskapstal frå 2017 er nytta der desse har vore tilgjengeleg i Brønnøysundregisteret, elles er tala frå 2016.

Aksjeselskapa er desse:

Lutelandet Utvikling AS, Sunn Lab AS, Mentro AS, Sunnfjord Energi AS, Solund Næringsbygg AS, Opplæringsfartøy AS, Visit Fjordkysten AS, Solund Næringsutvikling AS.

Solund kommune er med på følgjande interkommunale samarbeid (etter kommunelova sin §27 – eigne rettssubjekt): Kryss revisjon, Sekom-Sekretariat, SYS IKT og NGIR.

Solund kommune er medstiftar i følgjande stiftingar: Solund Bustadstifting, Kystmuseet.

Når det gjelder stiftingane er det ikkje tale om eigarskap sidan stiftingane eig seg sjølv. Stiftingane fell difor utanfor eigarskapsproblematikken. Stiftinga har ikkje noko operativt eigarorgan, t.d. ei generalforsamling, der eigarane utøve mynde. Det kan likevel vere ønskjeleg å få utvikle ein strategi for kommunen si eventuelle deltaking ved oppretting av nye stiftingar. Stiftelsar er ikkje anbefalt for verksemdar som krev eigarstyring.

Del II VURDERING AV SELSKAP OG EIGARSKAP

Del av eigarmeldinga har omtale av kvart av selskapa som kommune har eigarskap i og ei vurdering av framleis eigarskap.

Følgjande mal ligg til grunn for vurdering av selskap og eigarskap:

Solund sin eigardel

Styret

Styregodtgjersle m.v.

Revisor

Formål, marknad, kundar, aktivitet m.v.

Viktige hendingar i 2017

Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	20xx	20xx	20xx
Sum inntekt			
Resultat etter skatt			
Totalkapitalrentabilitet			
Gjeldsgrad (gjeld/EK)			
Likviditetsgrad			
Eigenkapitalprosent			

Økonomiparametra blir vurdert utifrå følgjande norm:

	Ikkje tilfredsstill.	Svak	Tilfredsstill.	God	Svært god
Resultat av drift	< 0%	0-2%	3-4%	5-7%	> 7%
Totalrentabilitet	< 1%	1-5,99%	6-10%	10-15%	> 15%
Likvidetsgrad (oml/kg)	< 0,5	0,5-0,99	1-1,49	1,5-2	> 2
Eigenkapitalprosent(ek/t)	< 3%	3-9%	10-17%	18-40%	> 40%
Gjeldsgrad (sum g/ek)	> 20	20-8	7-3	2-1	< 1

Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra

Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet

Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg

Tilråding:

Selskap: Lutelandet Utvikling AS - 2005

Solund sin eigardel	6% Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Askvoll, Solund, Hyllestad
Styret	Arve Helle (leiar), Leonora Laukeland Kleiven, Ingunn Sognnes, Karen Marie Hjelmeseter og Audun Erik Gisle Sunde.
Styregodtgjersle mv.	Styregodtgjersle samla kr 119 299,-.
Revisor	Deloitte AS
Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.	Lutelandet Utvikling AS er eit utviklingsselskap som skal virke for utnytting av Lutelandet i Fjaler som industriområde og fremje næringsutvikling i kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund.
Viktige hendingar 2017	HAFS Utvikling AS vart avvikla ved utgangen av 2017. HAFS Utvikling var eit dotterselskap av Lutelandet Utvikling AS. HAFS utvikling vidareførte Lutelandet utvikling si rolle som næringsutviklingsselskap. Det vert jobba med kva satsingsområder som skal prioriterast i framtida. Det er i 2017 gjort ei større nedskriving av finansielle anleggsmidlar.

Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	2015	2016	2017
Sum inntekt	1 374	252	300
Resultat etter skatt	-312,6 (-22,7%)	230 (91,3%)	-14 094 (-4 698%)
Totalkapitalrentabilitet	-0,5%	0,6%	-32,7%
Gjeldsgrad (gjeld/EK)	0,1	0,07	0,07
Likviditetsgrad	0,2	0,63	0,56
Eigenkapitalprosent	93,4%	93,5%	93,4%

Resultat og avkastning er ikkje tilfredsstillande på grunn av ei større nedskriving (14 682 087,-) av finansielle anleggsmidlar i 2017. Gjeldsgraden er låg og eigenkapitalen framstår som svært god. Likviditeten og totalkapitalrentabiliteten er ikkje tilfredsstillande.

Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra
Jobbe vidare med utvikling av aktivitetar i samarbeid med dei aktørane som har prosjekt på Lutelandet.
Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet
Støtte selskapet i arbeid med utvikling av Lutelandet som industriområde herunder mål å skape aktivitetar og arbeidsplassar. Vere aktiv bidragsytar i plan- og utviklingssaker.
Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg
Dette er ei viktig satsing for regionen. Utifrå den framdrifta som er og har vore siste året nærmar det seg no operative aktivitetar på Lutelandet slik at deler av måla med etablering vert realisert.
Tilråding
Vidareføre eigarskap

Selskap: SunnLab AS (2005)

Solund sin eigardel	10% 10 kommunar; Askvoll, Flora, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Høyanger, Jølster, Naustdal, Solund.
Styre	Bjørn Harald Haugsvær (leiar), Anne Karin Huus Erikstad, Kim Gunnar Jensen, Anne Berit Garnes og Wenche Ness Gabrielsen,
Styregodtgjersle mv.	Samla styrehonorar kr 108 019,-
Revisor	Ingen revisor
Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.	Teknisk prøver og analyser. Dvs. laboratorietenestar til offentlege og private kundar med hovudvekt på kontroll av vatn og næringsmiddel samt konsulentverksemd og anna verksemd med tilknytning til dette.
Viktige hendingar 2017	

Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	2015	2016	2017
Sum inntekt	2628	2801	3401
Resultat etter skatt	-739 (-28,1%)	-303 (-10,8%)	16 (0,5%)
Totalkapitalrentabilitet	-63,8%	-37,2%	4,1%
Gjeldsgrad (gjeld/EK)	1,2	10,8	11,5
Likviditetsgrad	0,8	0,5	0,8
Eigenkapitalprosent	45,5%	8,5%	8,7%

Resultatet i selskapet betra seg i 2017 grunna auka salsinntekter. Den økonomiske utviklinga for selskapet er positiv, noko dei fleste parametrene viser.

Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra
Sunnlab vil fortsetje arbeidet med å sikre ei drift i balanse, ved å fortsetje å skaffe fleire kundar, både private og offentlege.
Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet
Jf. Formål
Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg
Med auka fokus på og strengare krav til kontroll av vatn og næringsmiddel, og der kommunane har ansvar, vurderast eigarskap i selskapet som tenleg.
Tilråding
Vidareføre eigarskapen.

Selskap: Sunnfjord Energi AS – 1914

Konsernet	Sunnfjord Energi AS og 3 deleigde selskap: Kjøsnesfjorden kraftverk AS 78,5% Fossheim kraftverk AS 60% Førdefjorden Energi AS 47,2% Eninvest AS 52,5% Etrygg 45%
Solund sin eigardel	4,33% (13108 aksjar a kr. 660 = kr 8 651 280,-) 7 kommunar/eigarar; Førde 22,19%, Gaular 7,54%, Hyllestad 6,83%, Jølster 7,54%, Naustdal 3,31%, Solund 4,33% samt BKK 37,45%
Styre	Arvid Andenæs (leiar), Jannicke Hilland (nestleiar), Ingunn Sognnes, Steinar Dvergsdal, Anne Lilleaasen, Vegard Strand, Jan Halvor Storkås (tilsettere representant), Arild Horsvik (tilsettere representant)
Styregodtgjersle mv.	Det vart utbetalt kr 894 000,- i styregodtgjersle i konsernet i 2017.
Revisor	Deloitte AS
Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.	Syte for produksjon, overføring og omsetnad av energi, og stå for utbygging av naudsynte anlegg i samband med dette. Selskapet skal arbeide for ei sikker og rasjonell energiforsyning i eigarkommunane. Verksemda kan og drivast i samarbeid med eller deltaking i andre føretak med same eller liknande formål. Konsesjonsområde for drifta dekkjer ca 3100 km² i 7 kommunar (Solund til Jølster). Ved utgangen av 2017 fekk om lag 27 000 innbyggjarar straum via kraftlinjene til Sunnfjord Energi. Samla middelproduksjon for konsernet er 522 Gwh. Pr 31.12.17 var om lag 16 500 kundar kopla til linjenett som består av: - 156 km med 132 og 66 kV linjer - 1080 km med 3,3-22 kV linjer og kablar - 1677 km med lågspenlinjer og lågspenkabel - 10 sekundærstasjonar - 1140 større og mindre transformatorar (nettstasjonar) Gjennom Eninvest AS tilbyr konsernet framtidsretta kommunikasjonsnett på fiber og DSL/breiband til heile fylket. Ved utgangen av 2017 leverte Eninvest AS fiber til 10 977 kundar.
Viktige hendingar 2017:	Kraftproduksjon: Samla produksjon vart auka til 557 GWh mot 573 GWh i 2016. Nett: Sunnfjord Energi installerte som fyrste selskap i Sogn og Fjordane nye straummålarar hjå kundane i 2017. 2017 var eit år utan dei store stormane som enkelte år gjev store skadar. I desember gav ising og store snøfall spesielle problem i ytre Solund, der 700 meter med forsyningslinje vart knekt ned. Dette gav store utfordringar. Forbruket i forsyningsområdet var 397 GWh i 2017, uendra frå 2016.

Økonomisk utvikling (konsern)

(kr. 1 000,-)	2015	2016	2017
Sum inntekt	436 000	641 000	593 000
Resultat etter skatt	35 000 (8,0%)	92 000 (14,4%)	85 000 (14,3%)
Totalkapitalrentabilitet	5,1%	9,3%	8,6%
Gjeldsgrad	1,7	1,6	1,5
Likviditetsgrad	2,4	1,9	1,5
Eigenkapitalprosent	37,3%	38,6%	39,5%
Utbytte – totalt	4 000	20 000	14 000
Utbytte – Solund	173	866	606

Etter rekneskap for 2017 er likviditeten svært god (>2), soliditeten er god (18%-40%), medan avkastninga er tilfredsstillande (6-10%).

I og med at kommunane i si drift er avhengig av utbytte frå selskapet vil fokus på avkastning, mål og strategi vere viktig framover. Totalkapitalrentabiliteten bør vere mellom 10-15% for å bli karakterisert som god. Dette er vurderingar uavhengig av bransje, men er samtidig ei rettesnor for forventningsnivå, jf pkt 3h og del 2 i Solund kommune sin eigarpolitikk.

Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra (frå selskapet)

Resultatutviklinga framover vil i hovudsak vere avhengig av kraftprisar og elsertifikatprisar, valutakursar, produksjonsvolum og inntektsramme. Prognose og forventningar tilseier noko høgare kraftprisar i 2018 enn i 2017.

Styret vurderer at årsresultatet for rekneskapsåret 2018 blir litt lågare enn for 2017.

Det blir jobba målretta mot å betre selskapet si drift og styrke inntening og framtidig utbytteevne. Ein er inne i ein periode med krav til høge investeringar i nett, behov for fornying av produksjonsanlegg og rigging for ny lønsam vekst.

Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet

Mål for eigarskapet i Sunnfjord Energi omhandlar samfunnsøkonomisk motiv til finansielle motiv (utbytte);

Kommunen ynskjer å bidra til å utvikle Sunnfjord Energi som ein konkurransedyktig og lønsam aktør i energibransjen. Selskapet er eit viktig instrument for naudsynnte utviklingstiltak og for å auke satsing av fornybar energi i fylket.

Selskapet skal gje eigarane god avkastning på investert kapital kvart år gjennom eit stabilt og føreseieleg utbytte.

Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg

I samband med behov for viktige og naudsynnte utviklingstiltak i regionen, samfunnsøkonomisk verdi (fornybar energi), sikre framtidige inntektsmogelegheiter, blir eigarskap i SE vurdert som føremålstenleg.

Tilråding

Vidareføre eigarskapen

Selskap: Mentro AS (tidlegare Firda Produkt AS) (1986)

Solund sin eigardel	3,6 % Sogn og Fjordane Fylkeskommune, 8 kommunar; Førde, Gaular, Askvoll, Naustdal, Fjaler, Hyllestad, Solund, Jølster. Sparebanken Sogn og Fjordane, DNB Nor, Nhf Nordvest
Styre	Bjørn Harald Haugsvær (leiar), Linda Ness Rotihaug (nestleiar), Normann Aarseth, Mari Constanse Baardsen, Narve Kirkebø og Bente Hauge.
Styregodtgjersle mv.	Samla styregodtgjersle kr. 71 600,- .
Revisor	PWC
Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.	Føremålet med verksemda er å drive attføringstenester, andre arbeidsretta tenester og det som naturleg høyrer til slik verksemd. Oppgåva er å hjelpe arbeidssøkjjarar til å skaffe seg arbeid eller få seg utdanning. Samarbeider med NAV og næringslivet i regionen om arbeidstrening og formidling.
Viktige hendingar 2017	

Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	2015	2016	2017
Sum inntekt	16 053	14 812	11 888
Resultat etter skatt	1 192(7,4%)	500 (3,4%)	1 305(11%)
Totalkapitalrentabilitet	9,5%	3,8%	9,5%
Gjeldsgrad (gjeld/EK)	0,2	0,2	0,1
Likviditetsgrad	5,6	7,0	10,0
Eigenkapitalprosent	82,7%	86,1%	90,2%

Resultatet og avkasting har stort sett vore god dei siste åra. Gjeldsgraden, likviditeten og eigenkapitalen er svært god.

Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra
?
Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet
Jmf. formål.
Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg
Verksemda er samfunnsøkonomisk retta og utfyller den opphavelige målsettinga.
Tilråding
Eigarskapen held fram.

Selskap: Opplæringsfartøy AS

Solund sin eigardel	
Styre	Ottar Johan Aare (styreleiar), Geir Magne Røys, Kari Morvik, Helge Hjertenes.
Styregodtgjersle mv.	Styret kr 9 200,-. Styreleiar kr 35 300,-.
Revisor	Ernst & Young AS
Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.	Drift av opplæringsfartøy. Læreplassar for fiskerifag.
Viktige hendingar 2017:	

Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	2015	2016	2017
Sum inntekt	3570	2609	2571
Resultat etter skatt	143(4,0%)	37(1,2%)	-176(-7,2%)
Totalkapitalrentabilitet	4,8%	1,5%	-5,1%
Gjeldsgrad (gjeld/EK)	3,7	3,1	3,8
Likviditetsgrad	0,6	0,9	1,4
Eigenkapitalprosent	21,4%	24,2%	20,9%

Inntekter og resultat er redusert dei siste par åra. Gjeldsgraden er tilfredsstillande og eigenkapitalen er god, men likviditetsgraden er betra frå svak til tilfredsstillande siste året.

Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra

Drift av opplæringsfartøy.

Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet

Verksemda er viktig for rekruttering til fiskaryrket.

Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg

Verksemda er samfunnsøkonomisk retta og utfyller den opphavlege målsettinga.

Tilråding

Eigarskapen held fram.

Selskap: Visit Fjordkysten AS

Solund sin eigardel	4% Solund kommune yter eit tilskot til Visit Fjordkysten As på ca. kr. 170 000,-
Styre	Gunn Åmdal Mongstad (leiar), Jorunn Frøyen (nestleiar), Lena Innbjør Riisnes, Møyfrid Ellingsund, Marit Hjortung, Roar Nordbø, Lone Bareksten, Tom Færøy, Jan Fredrik Fosse
Styregodtgjersle mv.	Det vart ikkje utbetalt styregodtgjersle i 2017.
Revisor	BDO AS
Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.	Marknadsføre, profilere, produktutvikle, koordinere og leggje til rette kysten sitt reiselivstilbod på vegne av initiativtakarane.
Viktige hendingar 2017:	Det har vore jobba målretta med utvikling av nye opplevingar og konsept for kysten.

Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	2015	2016	2017
Sum inntekt	5 022	6 557	3639
Resultat etter skatt	-34 (-0,6%)	-62 (-0,9%)	-2157(-59%)
Totalkapitalrentabilitet	-2,1%	-2,7%	-1,42%
Gjeldsgrad (gjeld/EK)	1,8	2,8	-1,6
Likviditetsgrad	1,4	1,1	0,3
Eigenkapitalprosent	35%	26%	-157%

Resultatet for 2017 er svært dårleg, grunna inntekssvikt i kombinasjon med høgare kostnader. Gjeldsgrad, likviditetsgrad og eigenkapitalprosent er ikkje tilfredsstillande.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra
Visit Fjordkysten har henta inn meir eigenkapital frå eigarane. Det er også gjort viktige tiltak for å betre driftssituasjonen. Utan tilførsle av kapital ville selskapet måtte opphøre.
Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet
Sikre profesjonell marknadsføring av Solund kommune og regionen som reisemål.
Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg
Skal kommunen bidra til marknadsføring av kommunen og regionen må det skje gjennom reisemålsselskapet for området.
Tilråding
Eigarskapen held fram om selskapet består. Det er pr dags dato ikkje noko klart alternativ til å overta oppgåvene som regionalt reisemålselskap.

Selskap: Solund Næringsbygg AS

Solund sin eigardel	58%
Styre	Edel F. Bontveit (leiar), Irene Lambrechts Vaulen, Mark Elvevåg
Styregodtgjersle mv.	Det er utbetalt kr. 64 500,- i styrehonorar i 2017.
Revisor	BDO AS
Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.	Utleige av næringslokaler off. kontor, tannlege,
Viktige hendingar 2017	

Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	2015	2016	2017
Sum inntekt	1 165	1 209	1 532
Resultat etter skatt	-140 (-12,0%)	-108 (-8,9%)	33 (2,2%)
Totalkapitalrentabilitet	3,7%	1,5%	3,1%
Gjeldsgrad (gjeld/EK)	2,7	2,9	2,8
Likviditetsgrad	3,2	1,3	1,6
Eigenkapitalprosent	27,2%	25,3%	26,6%

Resultatet etter skatt var betre i 2017 enn i 2016. Gjeldsgraden er god/tilfredstillande. Eigenkapitalprosenten er god, og likviditeten verkar å vere god.

Aktuelle planar og utsikter for dei komande åra

Bygging av nytt lagerbygg.

Opprusting av uteområde framfor butikk.

Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet

Skaffe næringsdrivande og offentlege kontor høvelege areal

Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg

Kommunestyret har vedteke å selje heile eller deler av aksjeposten under visse føresetnader

Tilråding

Behalde eigarskap inntil ein oppnår akseptabel pris for aksjane.

Selskap: Solund Næringsutvikling AS

Solund sin eigardel	45%
Styre	Tom Færøy (leiar), Rolf Eide, Ingar Valvik, Gunn Åmdal Mongstad, Svein Jardar Utvær
Styregodtgjersle mv.	Styret har ikkje fått styregodtgjersle i 2017.
Revisor	Ingen revisor i 2017
Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.	Selskapet skal ha eit ideelt og ikkje økonomisk føremål, og skal ta vare på og å styrke verdiskapinga og sysselsettinga i kommunen ved å utvikle eksisterande bedrifter og medverke til etablering av nye arbeidsplassar.
Viktige hendingar 2017	Hatt redusert drift sidan HAFS Utvikling vart oppretta og tok over oppgåvene.

Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	2015	2016	2017
Sum inntekt	284	200	136
Resultat etter skatt	52 (18,3%)	-46 (-23,0%)	52 (38,2%)
Totalkapitalrentabilitet	26,9%	-23,6%	32,1%
Gjeldsgrad (gjeld/EK)	0,5	0,1	0,03
Likviditetsgrad	3,2	8,4	25,7
Eigenkapitalprosent	68,8%	90,6%	96,7%

Det er lite aktivitet i selskapet dei siste åra, men økonomisk har åra vore gode. Ein fekk eit positivt resultat i 2017. Likviditeten, gjeldsgraden og eigenkapital-% er svært god.

Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra

HAFS Utvikling tok i løpet av 2015 over dei kommunale oppgåvene som Solund Næringsutvikling tidlegare utførte. Etter at HAFS Utvikling vart lagt ned har Solund kommune gjort avtale med Nordhordland næringshage As om utøring av kommunalt næringsarbeid.

SNU si rolle og eksistens har vorte vurdert, og konklusjonen har til no vore at selskapet held fram førebels.

Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet

Jfr. føremål.

Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg

SNU si rolle og eksistens bør vurderast jamnleg. Så lenge det er økonomisk forsvarleg kan det vere nyttig å ha SNU gåande.

Tilråding

Vidare eigarskap inntil vidare.

Selskap: Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (1981)

Solund sin eigardel	9 kommunar (Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Radøy og Solund) har gått saman om å løyse avfallsinnsamlinga gjennom NGIR. Solund sin ansvarsdel er 3,1%.
Styre	Helge Fjellanger (leiar), Ottar Skjelvik (nestleiar), Kristin Handeland, Ragnhild T. Langøy, Martin Solsveit.
Styregodtgjersle mv.	Det er utbetalt kr. 208 806,- i honorar til styret og representantskapet.
Revisor	Nordhordland Revisjon IKS
Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.	Selskapet sitt føremål er å følgje opp fellesoppgåver i til ei kvar tid gjeldande avfallsplanar i NGIR-regionen.
Viktige hendingar 2017	Det vart tilstt ny dagleg leiar i mai 2017. Reno Norden gjekk konkurs i september 2017. Dette medførte at NGIR sjølv måtte drifte innsamling av hushaldsavfall.

Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	2015	2016	2017
Sum inntekt	95 064	100 523	101 714
Resultat etter skatt	-1 092 (-1,1%)	-1 100 (-1,1%)	3 078 (3,0%)
Totalkapitalrentabilitet	5,7%	-1,4%	2,9%
Gjeldsgrad (gjeld/EK)	0,77	0,76	0,75
Likviditetsgrad	6,0	5,5	4,3
Eigenkapitalprosent	56,4%	56,7%	57,0%

Resultat var sterkare i 2017 enn føregåande år. Gjeldsgraden, eigenkapital% og likviditet framstår som svært god. Selskapet har ikkje høve til å tene pengar på innsamling av hushaldsavfall, evt. overskot vert sett på fond og skal kome abonnentane til gode. NGIR har høve til å tene pengar på næringsavfall m.v.

Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra

Det vil i løpet av 2018 verte avgjort om NGIR skal fortsetje å hente inn avfall sjølv eller setje dette vekk til andre. Når kommunane Lindås, Radøy og Meland slår seg saman til Alver kommune vil dette kunne påverke drifta av selskapet, då det vil bli dominert av ein stor eigar.

Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet

Løyse avfallsinnsamlinga i samarbeid med andre kommunar.

Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg

Denne ordninga er med å effektivisere kommunen sin tenesteproduksjon.

Tilråding

Vidareføre samarbeidet.

Selskap: Kryss Revisjon (Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord) (2005) - §27

Solund sin eigardel	Kryss Revisjon er eit interkommunalt samarbeid med eigen samarbeidsavtale mellom 11 deltakarkommunar. Alle eigarkommunar har eit gjensidig ansvar for revisjonssamarbeidet. I 2017 betalte Solund kommune kr. 486 800,- for denne tenesta.
Styre	Styreleiar Trygve Jacobsen (F), nestleiar Jorunn Ringstad (A), Charlotte Melvær Skjølberg (B), Geir Tessem (Fj), Ingvar Torsvik Myrvollen (Fl), Kari Birkeland (G), Aslak Nyhammer (Gu), Siv Dingsøy (Hy), Tom Erik Sandal (J), Martin Savland (N), Edel Færøvik Bontveit (So).
Styregodtgjersle mv.	Det er utbetalt kr. 40 000,- i styreleiar godtgjersle i 2017.
Revisor	Kommunerevisjonen i Nordfjord
Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.	Føremålet med revisjonssamarbeidet er å yte best mogeleg revisjons- og rådgjevingstenester til kommunane og oppdrag i samsvar med kommunelova, og forskrifter om revisjon av 15.06.2004.
Viktige hendingar 2017	Revisjonssamarbeidet er under omorganisering/samanslåing. Det er 24 kommunar + fylket som har sagt ja til samanslåing av dei tre revisjonseiningane.

Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	2015	2016	2017
Sum inntekt	8 355	9 026	9 141

Nøkkeltal er ikkje tilgjengeleg.

Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra
Drift på same nivå.
Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet
Jf. Formålet
Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg
Ja
Tilråding
Vidareføre eigarskap/samarbeidet.

Selskap: SYS IKT (2005)

Solund sin eigardel	Kostnader fordelt etter folketal og fast beløp, utgjør i dag ca. kr. 1,2 millionar for Solund kommune. Samarbeid organisert etter kommunelova §27 (frå 2010), men der Førde kommune har arbeidsgivaransvaret. 10 kommunar: Førde, Jølster, Gaular, Naustdal, Hyllestad, Askvoll, Solund, Høyanger, Gulen
Styre	Rådmennene i deltakarkommunane. Håkon Loftheim (styreleiar)
Styregodtgjersle mv.	0
Revisor	Kryss revisjon
Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.	Samlokalisere ikt-ressursane for å kunne vere i stand til å utnytte moderne informasjons- og kommunikasjonsteknologi til å skape kvalitativt gode tenestar til innbyggjarar og næringsliv, samt ei tilgjengeleg og effektiv forvaltning.
Viktige hendingar 2017	Ingen viktige endringar i 2017. Drifta gjekk som normalt.

Økonomisk utvikling

Manglar nøkkeltal.

Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra
Arbeide vidare med å strukturere samarbeidet. Det som vil ha særleg fokus er å formalisere ansvar og dei ulike rollene i samarbeidet, integrasjon mellom fagsystem og hovudsystem samt kompetanseheving ute hjå brukarane.
Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet
Jfr. Formål
Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg
Utifrå tal brukarar, serverar, programvare, sikkerheitsløyninga og supportbehov er kommunane i dag heilt avhengig av god kompetanse og kapasitet innan IKT. Interkommunalt samarbeid har vore nødvendig for å løyse utfordringane innan IKT. Det er likevel trong for ein gjennomgang av behova til Solund kommune i åra som kjem.
Tilråding
Vidareføre eigarskap/samarbeidet.

Selskap: SEKOM Sekretariat (2004) - §27

Solund sin eigardel	Selskapet har i utgangspunktet to årsverk. I 2017 har det vore 2 stillingar. (2010 – 25% fast – 25% tidsbruk – 50 folketal) Samarbeid organisert etter kommunelova § 27. 15 kommunar: Førde, Jølster, Gaular, Naustdal, Flora, Askvoll, Bremanger, Gulen, Hyllestad, Solund, Gloppen, Eid, Hornindal, Stryn, Fjaler. I 2017 betalte Solund kommune kr. 90 000,- for denne tenesta.
Styre	Terje Engvik (Leiar)(Fø), Jorunn Blom Ålen (nestleiar) Askvoll, Magne Norddal (Fj), Vigdis Heimdal Reknes (Eid), Inger Jorunn Årseth (J), Joar Aarnes (Ga), Ole Erik Thingnes (N), Terje Kjerpeset (Fl), Bjørg Kleven (B), Arnhild Kjellevoid (Gu), Randi Gåsdaal (Hy), Arne Leif Osland (So), Tom Øyvind Solheim (H), Per Rune Vereide (Gl), Rune Myklebust (St).
Styregodtgjersle mv.	Samla styregodtgjersle kr 70 000,- i 2017.
Revisor	Kommunerevisjonen i Nordfjord
Føremål, marknad, kundar, aktivitet mv.	Syte for at kontrollutvala i deltakarkommunane får naudsynt bistand til å få utført kontrollutvalsoppgåver, jf. kommunelova sine reglar om kontrollutval kap 12, §77, og forskriftene om kontrollutval med heimel i kommunelova.
Viktige hendingar 2017	

Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	2015	2016	2017
Sum inntekt	2 395	2 235	2 336
Resultat etter skatt (mindreforbruk)	314	40	50

Nøkkeltal er ikkje tilgjengeleg.

Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra
Utvikling av selskap og aktivitetar – mellom anna utviding av samarbeidet.
Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet
Jf. Formålet
Er kommunalt eigarskap framleis føremålstenleg
Denne ordninga er med å effektivisere kontrollutvalet sitt arbeid.
Tilråding
Vidareføre samarbeidet.



Arkiv: K1 - 202, K2 - C54
ArkivsakID: 17/375
JournalpostID: 18/2569
Sakshandsamar: Tor Arne Hauge
Dato: 27.08.2018

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
042/18	FORMANNSKAP	06.09.2018
	KOMMUNESTYRE	

Kommunal medverknad energiløysing Utvær

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre godkjenner kommunal garanti for inntil kr 750 000,- for lån til Utvær kraftlag AS, under føresetnad av at Fylkesmannen godkjenner ein slik garanti.

Solund kommunestyre vedtek at Solund kommune tek på seg inntil 1/3 av fastbeløp på straum til Utvær fyrstasjon, maksimum kr 30 000,- før indeksregulering.

Vedlegg i saka:

29.08.2018 Stiftelsesdokumenter
29.08.2018 Sjøkabel Utvær. Tilslag fra Kystverket
29.08.2018 Nedbetalingsplan MNOK 1,5
30.08.2018 Driftsbudsjett 2019 Utvær kraftlag AS
30.08.2018 Abbonnentar Utvær kraftlag AS
31.08.2018 Notat frå revisor

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:

Kommunal medverknad for å sikre ny energiløysing med straumkabel til Utvær. Gjeld og avtale om kjøp av straum til kommunen sine leigeobjekt ved Utvær fyrstasjon.

Saksutgreiing:

Kommunestyret gjorde fylgjande vedtak 15.03.2018 i ksak 004/18:

Solund kommunestyre stadfestar si løyving kr 500 000,- til investering i straumtilførsel med sjøkabel til Utvær under føresetnad av at oppsittjarane på Utvær stiller med minimum 1 million og Kystverket med minimum kr 500 000,-. Samla kostnad for straumtilførsel er kostnadsrekna til kr 3 300 000,-. For å fullfinansiere prosjektet må det takast opp eit lån på inntil 1,3 millionar.

Solund kommunestyre tilrår at det vert etablert eit aksjeselskap for å eige, etablere og drive kabel og andre anlegg for straumforsyning til Utvær. Solund kommune kan vurdere å gå inn som deleigar i dette selskapet, saman med oppsittjarar og eventuelt Kystverket. Det er naturleg at aksjeselskapet tek opp lån for fullfinansiering av prosjektet. Alle eigarane i aksjeselskapet må stå som garantistar for lånet.

Solund kommune si deltaking i eit AS vert teke stilling til når framlegg til endeleg avtale føreligg.

Sidan sist handsaming i kommunestyret har mykje skjedd i saka.

Utvær Kraftlag AS vart skipa 17.04.2018 og registrert 15.05.2018 med føremål:

Å investere i ny strømkabel til Utvær og derved selge strøm til øyas husholdninger og Kystverket, samt alt som står i forbindelse med dette.

Alle oppsittjarar på Utvær har fått tilbod om straumleveranse med ein andel i Utvær kraftlag AS. Det er henta inn i overkant av ein million kroner frå hushaldningane på Utvær til Utvær kraftlag AS. Kystverket har stadfesta deltaking i prosjektet med eit tilskot på kr 750 000,-, under føresetnad av at dei kankople seg på ei nytt anlegg innan 1/1 2019. Saman med kommunen sitt tilskot gjev dette om lag kr 2,3 millionar. Fullfinansiering av heile den nye infrastrukturen føreset eit låneopptak på minimum kr 1,5 millionar.

Utvær kraftlag har fått innvilga lån på kr 1,5 mill, med løpetid på 15 år. Lånetilsagnet er gjeve under føresetnad av at garanti for lånet ikkje vert delt på alle eigarane i aksjeselskapet. Banken krev at det vert nytta færre garantistar, garatiansvaret vert elles for fragmentert. Dette er i strid med vedtaket i Solund kommunestyre 15.03.2018, der det vert stilt som krav at alle aksjeeigarane må stå som garantistar for lånet.

Utvær Kraftlag AS har bede Solund kommune om å garantere delar av lånet.

Adminstrasjonen har vore i kontakt med revisor og Fylkesmannen for å undersøke kva mogelegheitar kommunen har for å garantere for lån til private selskap. Svara vi fekk var at kommunar har høve til å garantere inntil kr 500 000,- utan samtykke frå Fylkesmannen. Er beløpet større må det leggjast fram for FM. Kommunelova avgrensar mogelegheitane til å gje lån til næringsverksemd. Kva som er næringsverksemd vert skjønsmessig vurdert, men er ein i tvil må Fylkesmannen evt. departementet konsulterast.

Garantiar for lån til til dømes private vassverk har tidlegare vorte vurdert til å vere innanfor lova. Straumforsyning til Utvær kan gjerne samanliknast med dette.

Utvær kraftlag AS har tilbydd Kystverket Vest (KVV) ein kontrakt om leveranse av straum. KVV har igjen teke kontakt med Solund kommune for å drøfte ei deling av straumkostnadane, i tråd med eksisterande leigeavtale. Dersom KVV godtek forslaget til avtale med Utvær Kraftlag AS vil det bety ei fast årleg inntekt på kr 90 000,- for kraftlaget, i tillegg er det lagt opp til eit påslag på 200% på inngåande kraftpris. Solund kommune har i samtalar med KVV føreslått ein delingsnøkkel på årleg fastbeløp der Solund kommune tek 1/3 av kostnaden medan KVV tek 2/3 av kostnaden, maksimal årleg fastbeløp for Solund kommune vert då kr 30 000,-. Det vert lagt inn eigen målar for straum til leigedelen av fyrstasjonen.

Utvær Kraftlag AS har bestilt kabel og legging av denne vil truleg skje i løpet av september 2018. Kystverket har i sitt tilsagn om tilskot til prosjektet sett som vilkår at dei frå 1/1 2019 kan få levert straum via kabel til Utvær.

Vurdering:

Oppsittjarane på Utvær, Kystverket vest og Solund kommune har alle jobba aktivt for å få realisert ny energiforsyning med straumkabel til Utvær. Prosjektet er viktig for framtidig ivaretaking, utvikling og aktivitet på Utvær.

Oppsittjarane på Utvær har etablert Utvær kraftlag AS for å planlegge, bygge, eige og drifte kabel og tilhøyrande anlegg. Administrasjonen ser det ikkje som naturleg at Solund kommune går inn som deleigar i Utvær Kraftlag AS sidan Solund kommune sjølv ikkje eig hus eller anlegg på Utvær. Solund kommune leiger deler av Utvær fyrstasjon av KVV og må ha avtale med dei om kjøp av straum.

Utlekking av straumkabel m.v. nærmar seg realisering, men det trengs nokre økonomiske avklaringar før gjennomføring. Særleg gjeld dette lånegarantiar.

Utvær kraftlag AS treng ta opp eit lån på om lag 1,5 mill, og har bede om kommunal garanti for deler av dette lånet, sidan banken ikkje godtek ein fragmentert garanti der alle deleigarane i Utvær kraftlag AS garanterer for lånet. Sidan det handlar om viktig infrastruktur for Utværsamfunnet meiner administrasjonssjefen at Solund kommune bør kunne hjelpe Utvær kraftlag AS ved å gje ein kommunal garanti for deler av lånet, under føresetnad av at Fylkesmannen godkjenner ein slik garanti. Utvær kraftlag AS må kunne samanliknast med eit privat vassverk, som og sikrar viktig infrastruktur i eit lokalsamfunn. Verksemda til Utvær kraftlag AS er ikkje normal næringsverksemd.

Administrasjonssjefen meiner at Solund kommune bør ta på seg å betale inntil 1/3 av årleg fastbeløp på straum til Utvær fyrstasjon, maksimalt kr 30 000,- før indeksregulering. Utgifter til straum, utover fastbeløpet kan dekkjast av Vener av Utvær, som også har inntekter på sal og utleige.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

Jan Ove Utvær, styremedlem

FULLMAKT

Selskapet kan fravelge revisjon av årsregnskapet, og styret gis fullmakt til å gjennomføre fravalg.

UNDERSKRIFTER

Undertegnede erklærer med sine underskrifter Utvær Kraftlag AS som stiftet.

Bergen , 17.04.2018


Jan Ove Utvær
Alf Morten Utvær

-x-

Protokoll fra styremøte i Utvær Kraftlag AS

Dato: Tirsdag, 17.04.2018

Sted: Bergen

Til stede:

Jan Ove Utvær

Alf Morten Utvær

Forfall: Ingen

Dagsorden:

1. Godkjenning av dagsorden og innkalling

Ingen av styremedlemmene hadde merknader til innkallingen eller dagsorden.

2. Om styret kan treffe beslutninger

Alle styremedlemmene var tilstede i møtet. Styret var således beslutningsdyktig.

3. Fravalg av revisjon.

Styret besluttet enstemmig å fravelge revisjon av årsregnskapet.

Bergen , 17.04.2018


Jan Ove Utvær
Alf Morten Utvær

20.1.2018

VEDTEKTER FOR UTVÆR KRAFTLAG AS

1. SELSKAPETS FORETAKSNAVN

Selskapets foretaksnavn er Utvær Kraftlag AS. Selskapet er et aksjeselskap og skal ikke registreres i Verdipapirsentralen.

2. FORRETNINGSKONTOR

Selskapet forretningskontor er i Kollbulia 9 i Bergen kommune.

3. SELSKAPETS VIRKSOMHET

Selskapets virksomhet er:

Selskapet vil investere i ny strømkabel til Utvær og derved selge strøm til øyas husholdninger og Kystverket, samt alt som står i fribindelse med dette.

4. SELSKAPETS AKSJEKAPITAL

Selskapets aksjekapital er kr 30 000,00 fordelt på 30 aksjer pålydende kr 1 000,00.

5. STYRET

Selskapets styre skal ha fra 2 til 5 styremedlemmer.

6. ANDRE BESTEMMELSER

For øvrig gjelder bestemmelsene i aksjeloven.

5124 Morvik, 17.04.2018

Fra: Hanssen, Øivind <Oivind.Hanssen@kystverket.no>
Sendt: 20. mars 2018 14:55
Til: Utvær Alf Morten - Framo AS; Vener av Utvær
Kopi: Hagen, John Erik
Emne: Sjøkabel Utvær. Tilslag fra Kystverket

Hei.

Viser til hyggelig møte mellom initiativtakere til sjøkabel Alf Morten Utvær/ Sigve Lerpold og Kystverket Vest (KVV) i Haugesund i dag.

KVV ble presentert foreløpig trasévalg og budsjett for prosjekt «Re - elektrifisering» av Utvær. KVV kan gå inn med et økonomisk tilslag til prosjektet på Kr. 750.000,- inkludert avgift til 2 tilknytningspunkter under visse betingelser.

Midlene fra KVV kan bli realisert etter opprettelse av kontakt mellom KVV og en juridisk ansvarlig enhet for strømleveransen (for eksempel Solund Kommune)

Betingelse er også at sjøkabel er strukket og tilknytningspunktene er operative innen 1 januar 2019. Detaljer omkring strømleveransen vil kunne bli ytterligere nedfelt i en evt. kontraktsdiskusjon.

Vi ser positivt på prosjektet og håper det kan realiseres som forventet.

Med hilsen

ØIVIND HANSSEN
MASKINTEKNISK INSPEKTØR
KYSTVERKET

Tlf: 07847
Direkte: +47 5273 3313
Mobil: +47 908 46 914



Lånebeløp: 1 500 000 Låneform: Annuitet Rentesats: 5,00% Effektiv rente: 5,12%
 Renteberegning: Etterskudd Kapitalisering: Ved forfall Løpetid: 15 år Innfrielsesdato: 29.05.2033
 Første forfall: 29.06.2018 Terminlengde: 1 mnd Terminbeløp: 11 862 Terminomk.: 0

Nedbetalingsplanen forutsetter at alle terminer blir betalt ved forfall. Ved utregning er det ikke tatt hensyn til forsinkelsesrenter, purreomkostninger o.a, samt eventuelle restanser. Lånets øvrige nedbetalingsbetingelser er spesifisert ovenfor.

Dato:	Beskrivelse	Innbetaling	Renter	Omkostn.	Avdrag	Saldo
	Totalsum	2 135 519	635 519	0	1 500 000	
29.05.2018	Diskontering					1 500 000
29.05.2018	Etableringsomkostning			0		
29.05.2018	Depotomkostning			0		
29.06.2018	Innbetaling	11 862	6 369	0	5 493	1 494 507
29.07.2018	Innbetaling	11 862	6 142	0	5 720	1 488 787
29.08.2018	Innbetaling	11 862	6 322	0	5 540	1 483 247
29.09.2018	Innbetaling	11 862	6 299	0	5 563	1 477 684
29.10.2018	Innbetaling	11 862	6 073	0	5 789	1 471 895
29.11.2018	Innbetaling	11 862	6 250	0	5 612	1 466 283
29.12.2018	Innbetaling	11 862	6 026	0	5 836	1 460 447
31.12.2018	Årssum	83 034	43 481	0	39 553	1 460 447
29.01.2019	Innbetaling	11 862	6 202	0	5 660	1 454 787
28.02.2019	Innbetaling	11 862	5 979	0	5 883	1 448 904
29.03.2019	Innbetaling	11 862	5 756	0	6 106	1 442 798
29.04.2019	Innbetaling	11 862	6 127	0	5 735	1 437 063
29.05.2019	Innbetaling	11 862	5 905	0	5 957	1 431 106
29.06.2019	Innbetaling	11 862	6 078	0	5 784	1 425 322
29.07.2019	Innbetaling	11 862	5 857	0	6 005	1 419 317
29.08.2019	Innbetaling	11 862	6 027	0	5 835	1 413 482
29.09.2019	Innbetaling	11 862	6 003	0	5 859	1 407 623
29.10.2019	Innbetaling	11 862	5 784	0	6 078	1 401 545
29.11.2019	Innbetaling	11 862	5 952	0	5 910	1 395 635
29.12.2019	Innbetaling	11 862	5 736	0	6 126	1 389 509
31.12.2019	Årssum	142 344	71 406	0	70 938	1 389 509
29.01.2020	Innbetaling	11 862	5 886	0	5 976	1 383 533
29.02.2020	Innbetaling	11 862	5 859	0	6 003	1 377 530
29.03.2020	Innbetaling	11 862	5 457	0	6 405	1 371 125
29.04.2020	Innbetaling	11 862	5 807	0	6 055	1 365 070
29.05.2020	Innbetaling	11 862	5 595	0	6 267	1 358 803
29.06.2020	Innbetaling	11 862	5 754	0	6 108	1 352 695
29.07.2020	Innbetaling	11 862	5 544	0	6 318	1 346 377
29.08.2020	Innbetaling	11 862	5 702	0	6 160	1 340 217
29.09.2020	Innbetaling	11 862	5 676	0	6 186	1 334 031
29.10.2020	Innbetaling	11 862	5 467	0	6 395	1 327 636
29.11.2020	Innbetaling	11 862	5 623	0	6 239	1 321 397
29.12.2020	Innbetaling	11 862	5 415	0	6 447	1 314 950
31.12.2020	Årssum	142 344	67 785	0	74 559	1 314 950

31.12.2021	Årssum	142 344	63 960	0	78 384	1 236 566
31.12.2022	Årssum	142 344	59 952	0	82 392	1 154 174
31.12.2023	Årssum	142 344	55 736	0	86 608	1 067 566
31.12.2024	Årssum	142 344	51 313	0	91 031	976 535
31.12.2025	Årssum	142 344	46 647	0	95 697	880 838
31.12.2026	Årssum	142 344	41 752	0	100 592	780 246
31.12.2027	Årssum	142 344	36 605	0	105 739	674 507
31.12.2028	Årssum	142 344	31 204	0	111 140	563 367
31.12.2029	Årssum	142 344	25 508	0	116 836	446 531
31.12.2030	Årssum	142 344	19 532	0	122 812	323 719
31.12.2031	Årssum	142 344	13 248	0	129 096	194 623
31.12.2032	Årssum	142 344	6 652	0	135 692	58 931
31.12.2033	Årssum	59 669	738	0	58 931	0



Driftsbudsjett Utvær Kraftlag AS

Budsjett (2019)

INNEKTER (jfr. salgsbudsjett/kalkyler)	276 000
Sum Driftsinntekter	276 000
Variable kostnader:	
Innkjøp av strøm	48 000
Andre kostnader	0
Sum Variable kostnader	48 000
DEKNINGSBIDRAG	228 000
Indirekte kostnader:	
Lønn	5 000
Sosiale kostnader (feriepenger +arb.g.avgift)	2 500
Avskrivninger/ Avsetninger til vedlikeholdsfond	116 667
Kommunale avgifter	0
Regnskap	30 000
Revisjon	0
Reisekostnader	0
Forsikringer	0
Sum indirekte kostnader	154 167
DRIFTSRESULTAT	73 833
Nedbetaling av lån	70 938
Renteinntekter	0
Rentekostnader	71 406
Netto finanskostnader	71 406
RESULTAT	2 427

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Aud Marit Nyland Eide <aud.marit.nyland.eide@kryssrevisjon.no
<<mailto:aud.marit.nyland.eide@kryssrevisjon.no>>>

Dato: 30.08.2018 14:44 (GMT+01:00)

Til: Tor Arne Hauge <Tor.Arne.Hauge@solund.kommune.no
<<mailto:Tor.Arne.Hauge@solund.kommune.no>>>, Erik Askeland
<Erik.Askeland@solund.kommune.no <<mailto:Erik.Askeland@solund.kommune.no>>>

Ko: Gunn Åmdal Mongstad <Gunn.Amdal.Mongstad@solund.kommune.no
<<mailto:Gunn.Amdal.Mongstad@solund.kommune.no>>>

Emne: VS: Oppdatering om ny strømkabel til Utvær

Vi har sett litt på dette og vore i kontakt med Fylkesmannsembetet også.

Det vert vist til bestemmelsane i Kommunelova § 51 om garantistilling. I utgangspunktet er det ikkje lov å stille kommunal garanti overfor private som driv næring.

Det ligg heilt klart til rådmannen å få fram alle fakta innafor sin utgreiingsplikt i høve kommunelova, overfor sitt kommunestyret. I dette vil ligge at rådmannen i si sak overfor kommunestyret legg fram alle fakta om selskapet; det vere seg fakta om saka, gjeldande lovverket, dei juridiske og dei økonomiske sidene ved saka. I den settinga er det viktig at kommunen (og at kommunestyret vert klar over (informet om) dette) tek inn over seg den risikoen som faktisk er med å å stille garantiar i ei slik sak overfor eit AS, som kommunen ikkje er deltakar/medeigar i (?).

Etter vår oppfatningar det eit «must» at kommunen gjer seg opp ei meining om korleis økonomien i selskapet er, utviklinga i denne, og soliditet verksemda har til å møte dei økonomiske utfordringane som selskapet vil stå overfor frامover i tid, for å handtere løpande drift og gjeldsforpliktelsane sine. Er det laga til handlingsplan, budsjett, økonomiplan, fleirårige budsjett, korleis handtere økonomi/gjeld, innkjøp av straum for vidaresalg, i markanden, framover, m.v.

Slik saka er lagt fram for oss forstår vi det slik at kommunen yter eit tilskot på kr. 500.000,- til prosjektet, og at kommunen finansierer dette over sitt driftsbudsjett. Det er lovleg og korrekt nok. I tillegg er det no reist spørsmål om ein kommunal garanti for eit lån på 1,3 mill. kr., som långjevar/banken ber om (stiller krav om).

Kommunelova (§ 51) er i utgangspunktet klar på at det ikkje kan stillast økonomisk garanti knytta til næringsverksemd som blir drive av andre enn kommunen eller fylkeskommunen sjølv. I den politiske saka som blir førelagt Kommunestyret er det viktig at alle desse forholda er drøfta, slik at Kommunestyret kan vurdere alle forholda. Det bør også takast inn sonderingar og drøftingar om i kva grad selskapet driv i konkurranse med andre og såleis i kva grad dei driv næringsrelatert verksemd.

Når det gjeld garantistillingar overfor andre som driv næringsverksemd, så er det ikkje beløpsgrense for dette. Dette er i utgangspunktet ikkje lov (ref. nemt ovanfor), og dersom ein kommunal garanti er over kr. 500.000,-, så skal den saka uansett godkjennast av Fylkesmannen.

Det er vår anbefaling at administrasjonen skriv ei fullgod saksutgreiing for saka og at ein eventuelt legg den fram for Fylkesmannen til vurdering, før Kommunestyret tek avgjerd i saka. Gjer ein ikkje det vil ein fort kunne stå overfor ei sak der eit kommunestyrevedtak i saka blir underkjent av Fylkesmannen, og då må saka takast opp att frå kommunen si side.

Vi vil elles gje uttrykk for at slik saka ligg no, med dei dokument vi har fått oversendt, så er det vanskeleg for oss å gje eit meir nøyaktig svar på det spørsmålet som er reist. Vi viser til ovannemnde, og tør be om at vi blir haldne oppdatert i saka framover og korleis administrasjonen handtere denne fram imot kommunestyrehandsaminga.

Mvh
Kryss Revisjon

T.Førde A.M Nyland Eide

Fra: Aud Marit Nyland Eide

Sendt: 30. august 2018 13:54

Til: Terje Førde <Terje.Forde@kryssrevisjon.no <<mailto:Terje.Forde@kryssrevisjon.no>>>

Emne: VS: Oppdatering om ny strømkabel til Utvær

Hei

Til Info (veit no ikkje kor vesentleg det er for oss), men eg sender det no over.....

Aud Marit

Fra: Tor Arne Hauge

Sendt: 30. august 2018 13:39

Til: Aud Marit Nyland Eide <aud.marit.nyland.eide@kryssrevisjon.no <<mailto:aud.marit.nyland.eide@kryssrevisjon.no>>>

Emne: VS: Oppdatering om ny strømkabel til Utvær

Fra: Utvær Kraftlag AS [<mailto:utvaerkraftlag@gmail.com>]

Sendt: 29. august 2018 22:02

Til: Erik Askeland <Erik.Askeland@solund.kommune.no <<mailto:Erik.Askeland@solund.kommune.no>>>;

Tor Arne Hauge <Tor.Arne.Hauge@solund.kommune.no <<mailto:Tor.Arne.Hauge@solund.kommune.no>>>; post@utver.no <<mailto:post@utver.no>>>

Emne: Re: Oppdatering om ny strømkabel til Utvær

Driftsbudsjett 2019 vedlagt

Alf Morten

Den ons. 29. aug. 2018 kl. 15:32 skrev Erik Askeland <Erik.Askeland@solund.kommune.no <<mailto:Erik.Askeland@solund.kommune.no>>>:

Hei.

Det går bra.

Venleg helsing

> **Erik Askeland**

Administrasjonssjef

Adresse: Solund kommune, 6924 Hardbakke

Telefon: 57 78 62 00 / 975 34 479

E-post: erik.askeland@solund.kommune.no <<mailto:erik.askeland@solund.kommune.no>>

Heimeside: www.solund.kommune.no <<http://www.solund.kommune.no/>>

Her kan du sjå ein kort film om Solund: <http://www.youtube.com/watch?v=E3RbqQhfrQQ>

Fra: Utvær Kraftlag AS [<mailto:utvaerkraftlag@gmail.com> <<mailto:utvaerkraftlag@gmail.com>>]

Sendt: 29. august 2018 14:14

Til: Tor Arne Hauge <Tor.Arne.Hauge@solund.kommune.no

<<mailto:Tor.Arne.Hauge@solund.kommune.no>>>; Erik Askeland <Erik.Askeland@solund.kommune.no

<<mailto:Erik.Askeland@solund.kommune.no>>>; post@utver.no <<mailto:post@utver.no>>

Emne: Re: Oppdatering om ny strømkabel til Utvær

Vi jobber med sammenstilling av budsjett nå men ønsker kvalitetssikring i ettermiddag i samråd med mer kyndige folk enn oss. Regner med å oversende noe til dere ila kvelden.

Håper det går bra.

Alf Morten

Den tir. 28. aug. 2018 kl. 17:03 skrev Utvær Kraftlag AS <utvaerkraftlag@gmail.com <<mailto:utvaerkraftlag@gmail.com>>>:

Tor Arne,

Ref din mail tidligere i dag.

Vedlagt e-post bekrefter aksjonærer i Utvær Kraftlag AS.

Vi oversender driftsbudsjett i morgen.

Forøvrig går det også klart frem i tilbud til KVV at dette er et privat / offentlig samspill strukturert i et AS for å dekke KVV formelle krav ifm innkjøp

Diftsbudsjettet vil vise at det er ikke rom for utbytte, det handler om å dekke løpende finansieringskostnader og drif.

Alf Morten

----- Forwarded message -----

nært forestående innbetaling av egenandel 80.000 per abonnement.

Alf Morten

<3353_001.pdf>

<mime-attachment>

<mime-attachment>

This e-mail is intended solely for the use of the individual or entity to whom it is addressed and its content shall be regarded as confidential unless explicitly stated otherwise.

If you have received this e-mail by mistake, please notify the sender immediately by e-mail and delete this e-mail from your system.

Framo is an Alfa Laval owned company and personal data and email will be handled in accordance with the [Alfa Laval Privacy Policy](https://www.alfalaval.com/privacy).
<<https://www.alfalaval.com/privacy>>



Arkiv: K1 - 202, K2 - Q15
ArkivsakID: 18/313
JournalpostID: 18/1651
Sakshandsamar: Terje Drengenes
Dato: 31.08.2018

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
043/18	FORMANNSKAP	06.09.2018
	KOMMUNESTYRE	

Finansiering veg Eide - Kråkenes

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre godkjenner at Solund kommune står som byggherre for veganlegget Eide – Kråkenes.

Med atterhald om fullfinansiering og grunnavståing til veganlegget aukar Solund kommunestyre si løyving frå. 3.500.000,- til kr. 6.250.000,- til delfinansiering av veganlegget Eide - Kråkenes og fast dekke.

Auka løyving med kr. 2.750.000,- vert finansiert frå ubundne kapitalfond.

Fordeling av kostnadane vert endeleg fastsett i avtale mellom partane før arbeidet vert oppstarta.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:

Finasiering av vegen Eide - Kråkenes

Saksutgreiing:

Sulefisk AS har engasjert Norconsult AS og fått utarbeidd reguleringsplan for veg frå kommunevegen Eide – Kråkås til Kvernhusvika og Kråkenes. Sulefisk AS har oppdrettsanlegg for laks/aure ved Kvernhusvika aust om Kråkenes og i innløpet til Nese fjorden vest for Kråkeneset. Føremålet med vegen er å gje sikrare tilkomst til oppdrettslokalitetane.

Det føreligg no godkjent reguleringsplan for veg Eide – Kråkenes, der vegen er regulert som off. vegområde/kommunal veg.

På Kråkenes er det eit våningshus med fast busetnad.

På søre Kråkenes er det eit fråflytta våningshus som i dag er nytta til fritidsføremål, som ikkje vil få vegutløsing, då siste del av vegen vart tatt ut av planen grunna funn av biologisk mangfald. Det er kupert terreng fram til søre Kråkenes og dei vil framleis vere avhengig av båt for å komme til eigedomen.

I tillegg er det to fritidshus i området som vil liggje innanfor gangvstand til vegen.

Det er så henta inn tilbod på totalentreprise med forhandling med tilbodsfrist 28.05.18. Det kom inn 6 tilbod innan fristen og det er gjennomfør forhandlingar. I samband med forhandlingar har ein gått litt ned på breidde på vegskulder. Fast dekke ligg inne då det er vurdert som naudsynt for å få ein akseptabel standard på veganlegget i driftsfasen.

Norconsult AS tilrår at lågaste tilbod med tilbodssum på kr. 14.800.000,- vert valt, med atterhald om finansiering og grunnavståing. Entreprenørkostnaden med bygging ligg høgare enn forventa. Fast dekke inngår i kostnaden med kr. 1.850.000,-. For å kunne samanlikne med tidlegare anlegg vert fast dekke trekt ut og entreprenørkostnaden som skal fordelast vert då kr. 12.950.000,-

Alle kostnader er eks. mva.

Kostnader som elles må finansierast er :

- Reguleringsplan i regi av Sulefisk AS i storleik kr. 600.000,-
- Gebyr for reguleringsarbeidet forskottet av Solund kommune kr. 150.000,-
- Oppfylgjing og byggjeleiing kr. 400.000,-
- Uforutsett 500.000,- (t.d. 2 felås m.m.)
- Juridisk bistand med avtaler m.m. kr. 50.000,-

Samla kostnad som må finansierast vert kr. 14.650.000,-.

Solund kommune har i budsjett sett av kr. 2.600.000,-, og i vedteken økonomiplan er løyvinga auka med kr. 900.000,- til kr. 3.500.000,-. Om Solund kommune aukar sin del til 30% av kostnaden (som for vegen til Tangenes) vil det utgjere ca kr. 4.400.000,-. I tillegg utgjør fast dekke kr 1.850.000,- som Solund kommune vil finansiere.

Solund kommune har i møte med grunneigarane tatt opp spørsmål om økonomisk medverknad for å få realisert veganlegget. Det er og tatt opp spørsmål om å avstå fri grunn til veganlegget. Med unnatak av ein grunneigar er grunnavståing på plass. Det vert m.a. arbeidd med å finne løysing for tilkomst til søre Kråkenes for å få den siste avtalen på plass.

Solund kommune har i seinare tid medverka i finansiering av fylgjande veganlegg:

Veg Dalesund – Tangenes:

Totalkostnad	kr. 4.845.000,-
Solund kommune, byggherre	kr. 1.400.000,- (utgjør ca 29%)
Tangeneg veglag	kr. 1.445.000,- (utgiftene vart endeleg fordelte mellom partane ved eit jordskifte).
Fylkeskommunen (båtrute)	kr. 2.000.000,-

Det fylkeskommunalt tilskot med kr. 2.000.000,- er frå båtrute som kunne utgå.

Skuletransport på vegen vert ivareteke av oppsittjarane.

Veg Sandvik - Skarnagel:

Totalkostnad	kr. 2.700.000,-
Solund kommune, byggherre,	kr. 600.000,- (utgjør ca 22%)
Austrefjorden Veglag	kr. 2.100.000,-

Vurdering:

Solund kommune ser det som positivt å få vegutløysing til Kråkeneset. Vegen vil dekke fleire føremål:

- Sulefisk AS vil få tryggare tilkomst til oppdrettslokalitetane sine ved Kråkeneset og

Kvernhusvika.

- Det er busetnad på Kråkeneset som vil få vegutløyising
- Søre Kråkeneset vil få tilkomst om det kan leggjast til rette for ein veg med tilpassa standard fram til eigedomen. Det vert lettare å vedlikehalda eigedomen og det kan kome fast busetnad.
- Fritidshus på Kråkenes får lettare tilkomst
- I beredsakssamanheng vil det vere tilkomst for naudetatane over land i eit område det det ikkje har vore vegtilkomst tidlegare.

Det er nokre viktige moment som må på plass for å kunne gjennomføre anlegget:

- Finasiering
- Fullføre grunnavståing til veganlegget

Etter modell frå tidlegare veganlegg der Solund kommune har stått som byggherre, tilrår ein at Solund kommune går inn med om lag 30%, som utgjer kr. 4.400.000,-. I tillegg utgjer fast dekke kr 1.850.000,- som Solund kommune vil finansiere.

Interessentane sin del av finansieringa vil då utgjere kr. 10.250.000,-.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

Sulefisk AS

Grunneigarane



Arkiv: K1 - 036, K2 - X03
ArkivsakID: 18/335
JournalpostID: 18/2603
Sakshandsamar: Mark Elvevåg
Dato: 28.08.2018

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
044/18	FORMANNSKAP	06.09.2018

Val av kommunekomité TV aksjonen 2018 NRK Kirkens Bymisjon

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

1. Ordføreren vert Solund formannskap sin representant og leiar i TV-aksjonen 2018.
2. Ordførar kontaktar lag og organisasjonar i samarbeid med Solund Frivilligsentral for å danne kommunekomité.
3. Administrasjonen oppnemner sekretariat.
4. Sekretariatet kallar inn til konstituerande møte snarast.

Vedlegg i saka:

28.05.2018 Kommunekomite TV-aksjonen 2018

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:

Oppnemning av kommunekomité for TV-aksjonen 2018.

Saksutgreiing:

TV-aksjonen NRK 2018 arrangerast søndag 21. oktober. Innsamlinga går i år til Kirkens Bymisjon sitt arbeid for å skape eit varmare og meir inkluderande samfunn. Midlane som vert samla inn i TV-aksjonen skal brukast til at menneskjer som opplever å stå utanfor får eit nytt fellesskap ved å treffe menneskjer.

Solund kommune bør opprette ein kommunekomité for å planlegge det lokale innsamlingsarbeidet. Komitéen bør bestå av resurspersonar frå kommune, skule, lag og næringsliv som kan bidra til å engasjere frivillige personar og bøsseberarar.

Vurdering:

For å sikre god gjennomføring av TV-aksjonen tilrår administrasjonen at det vert oppnemnet

ein komité.

Etter endeleg vedtak utskrift til:



Til
Solund kommune

Sogndal, 18. mai 2018

Oppmoding om å opprette kommunekomiteé for TV-aksjonen NRK 2018

Tusen takk for innsatsen Solund kommune gjorde for TV-aksjonen i fjor!

TV-aksjonen NRK 2018 går til arbeidet Kirkens Bymisjon gjer for å skape eit varmare og meir inkluderande samfunn. I år er TV-aksjonen søndag 21. oktober.

Med årets TV-aksjon kan Kirkens Bymisjon skape møte som endrar liv. Ved å opne dørar og leggje til rette for at fleire kan møtast, skal vi syne kvifor TV-aksjonen i år er viktigare enn aldri før. Vi skal tilby menneske som opplever å stå utanfor, eit nytt fellesskap og slik bidra til at fleire får sjanse til å nå eigne mål og draumar. Pengane som bliir samla inn skal skape 700 000 møte mellom menneske.

Kommunekomiteéen er avgjerande for å mobilisere organisasjonar, skular, næringsliv, foreiningar, idrettslag og bøsseberarar. Vi håper du vil medverke til at TV-aksjonen i år blir ein knallsuksess ved å ta på deg vervet som leiar for kommunekomiteéen i Solund kommune.

Som leiar for kommunekomiteéen er du ein dørøpnar og eit ansikt utad for organiseringa av verdas største dugnad og innsamlingsaksjon. Komiteéen bør vere sett saman av ressurspersonar frå kommune, skule, foreiningar og næringsliv som kan bidra til å engasjere frivillige og bøsseberarar til årets aksjon. Kanskje er det nokon som er nye i kommunen din som kan gjere ein innsats? Inkludér dei i arbeidet.

Vedlagt finn du ei brosjyre med forslag til oppgåver og roller som komiteéen kan ta på seg for å mobilisere så mange lokale støttespelarar som mogeleg. Ved å inkludere fleire menneske i komiteéen som kan dele på oppgåvene, blir arbeidet lettare for kvart enkelt medlem.

Når kommunekomiteéen er utnemnt, ber vi om at medlemane registerer seg på vårt elektroniske registreringsskjema innan **1. juni**. Skjemaet finn de på blimed.no/aksjonskomite-paa-1-2-3/

Det blir oppretta ein fylkesaksjonskomité i Sogn og Fjordane leia av fylkesordførar Jenny Følling. Fylkesaksjonskomiteéen vil fungere som ein regional støttespelar i gjennomføringa av innsamlinga.

Vi gler oss til eit nytt og spennande TV-aksjonsår, og ser fram til eit godt samarbeid med Solund kommune.

Med venleg helsing,
Oddrun Midtbø
Fylkesaksjonsleiar
Mob.nr: 958 61 776
E-post: sognogfjordane@tvaksjonen.no